Retningsliner – Klassetur 10. trinn

1. Elevar i 10.trinn ved Hemsedal barne- og ungdomsskule skal ha høve til å reise på klassetur til Polen/ Tyskland i regi av skulen, for at elevane skal få kjennskap til 2.verdenskrig, rasisme og nestekjærleik. Det er også eit viktig tiltak for styrking av det psykososiale klassemiljøet.

   Turen skal fortrinnsvis arrangerast i løpet av haustsemesteret i 10.klasse.

   Hvite busser, aktive fredsreiser eller tilsvarande operatørar skal brukast.

2. Turen skal ha eit pedagogisk opplegg og tema skal innarbeidast i undervisninga både i forkant og i etterkant av reisa.

3. Hemsedal kommune gir eit tilskot på kr 1000,- pr. elev.

   Kommunen dekker ekstrakostnadar i samband med lærarane si deltaking.

   For ikkje å kome i strid med gratisskuleprinsippet, skal pengane samlast inn til ei felleskasse og ikkje øyremerkast kvar enkelt elev. Det skal ikkje førekoma eigenbetaling for elevane. Unntak for dette er kostnader til mat og lommepengar.

   Dersom det er foreldre eller andre som ynskjer å bidra med pengar, så er dette tillate. Desse skal da gå til felleskassa.

   Det er ikkje høve til å bruke pengar som er samla inn til skuletur til noko anna formål enn skuleturen. Eventuelt for mykje oppsparte midlar kan nyttast til fordeling til mat og lommepengar.

   Om felleskassa ikkje finansierer heile turen, står kommunen ansvarleg for å betale inn det resterande. Kommunen har og ansvar for at elevane er tilstrekkeleg forsikra for turar til utlandet. Kommunen er også ansvarleg for dekning av heimreise for elevar som eventuelt blir bortvist.

4. Arbeidet med planlegging, pengeinnsamling og andre aktivitetar tilknytt skuleturen må gå føre seg på ein inkluderande måte og skal i seg sjølv vera med på å styrke samhaldet i klassen.

   Det er elevane og foreldra som er ansvarlege for pengeinnsamlinga til turen og for å administrere dette. Skuletida skal ikkje nyttast til dugnadsarbeid ol.

   Eksempel på aktivitetar for å samle inn pengar kan vere dugnad, sal, gåver, eller fellesaktivitetar som til dømes musikal, julemarknad, loppemarknad, vidareutvikle Ibsenoppsetjing.

5. Det skal nyttast 5 skuledagar til turen. Helg i for- og etterkant kan ikkje nyttast.

   Tidspunkt for turen skal avtalast med rektor i høve til planlegging av haustsemesteret, og koordinerast med andre aktivitetar ved skulen.

   Turen skal ikkje medføre avspasering for elevane.

6. Skulen sitt ordensreglement gjeld ved turen. Brot på dette kan medføre heimsending.

7. Alle elevane på trinnet deltek på turen. Dersom ein elev av ulike årsaker ikkje deltek, skal skula stille med alternativ undervisning innafor tilsvarande tema.

8. Det er lærarane som har ansvar for turen. Det er rektor som avgjer kva som er forsvarleg tal på tilsette på turen. Minimumstal på tilsette er tre (jf. SGS 1010 «Reise med klient/pasient)

   Føresette kan vere med som støtte, men kan ikkje gå inn i rolla som lærar. Føresette som deltek på turen må halde seg fullstendig til turopplegget.

Vedteke i Kommunestyret 15.12.2021 Sak 120/2021